



Denne trioen var kafevertar for tredje gong: Selma Eik, Berit Myklebust og Berit Harriet Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore rundt rekna 400 gjester så langt på TI-aren Kafe i Gamleskulen, som vart opna midt i september og har halde oppe i fire timar kvar tysdag gjennom hausten. Og det må Uskedalen Utvikling, som står bak tiltaket, vera godt fornøgd med.**

Denne tysdagen var opningsdag nummer 13 og kafeen blir oppe også neste tysdag, opplyste trioen som vart vertskap for tredje gong og dermed må reknast som veteranar: Selma Eik, Berit Myklebust og Berit Harriet

Døssland.

Denne dagen var rundt rekna 25 innom – og i den flokken var det til og med ein mann! Alt tyder på at også han hadde ein triveleg stund. Han vart ikkje utsett for nokon form for overlast, skøyer damene. Som dei andre vertstrioane ynskjer dei fleire karfolk på besøk.

Gjennomsnittsbetøket har lege rundt 30. Det har vore færre nokre gongar, men tre gongar har 40-talet vore passert. Rekorden med 45 vart sett då det også kom ein delegasjon frå Rosendal og det var 40 innom då det kom ein delegasjon frå Husnes. Ellers har det vore nokre slengjarar frå andre bygder mellom uskedelingane på andre opningsdagar.

Dette tilbødet, som er eineståande i Kvinnherad for tida, har etter kvart vorte kjent også rundt om i kommunen. Også prisane fristar – som namnet fortel begrensar dei seg til ein tiar. Denne tysdagen sto som ein kunne venta julebrød på menyen saman med mjølkekakar og rundstykkjer.

Damene hadde også en salsdisk denne gongen og på den låg kornband frå Aktivitetshusets Damevenner, julakjeks frå turngruppa og vevnader frå Berit Myklebust. Salet kunna ha vore betre.

Av Ola Matti Mathisen